



Kor blir det av Arnardo i år?

Vi hørde spørsmålet frå mange då mai gjekk ut utan at sirkuset hadde hatt nokon framsyning i Uskedalen slik tradisjonen tilseier. Men sirkuset som er inne i sin 64. sesong svikta ikkje bygda og Rabben denne gongen heller.

I år er det tilogmed to sjansar til sirkusoppleving

No i morgontimane er teltet iferd med

å reisa seg og klokka 18 startar den første framsyninga. Den neste er i morgon klokka 16.

Direktør Arild Arnardo opplyser at staben er på 95 dette året og i administrasjonen er det nesten berre polakkar, går det fram av namnelista. Men artistlista har namn frå mange delar av verda.

Rosinen i pølsa i år er Luigi Arnardo (12) som er fjerde generasjon Arnardo og har teke opp arven 100 år etterat

sirkuskongen frå Sarpsborg vart født. Også Luigis far og mor Are og Paola er med.

Arild seier om faren at han levde for å glede andre og at sirkuset er ei hylling til menneskekroppens uendelege mogelegheiter, kraft og skjønnheit. Betre kan det neppe seiast.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen